

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Vår dato: 13.11.2025
Vår ref.: 202521185-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2025/896

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs innspel - Varsel om oppstart av planarbeid av KDP Naturmangfald og høyring av framlegg til planprogram - Vinje kommune

Vi viser til brev datert 20.10.2025. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplan Naturmangfald i Vinje kommune. Føremålet med planarbeidet er å lage eit strategisk styringsverktøy, og gje rammer og retning for kommunen sitt arbeid for å sikre og ta omsyn til naturmangfald i kommunen.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs innspel

NVE er i samanheng med naturmangfald særleg oppteken av forholdet til vassdrag og vassdragsnatur. Eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdraga motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Vassdragsnaturen er òg viktig for sikkerheit mot naturfare og tilpassing til eit endra klima. Utbygging av naturområde med auka del harde flater er til ulempe for naturmangfaldet, òg kan gi auka avrenningsfart på overflatevatn og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar.

Verna vassdrag

I Vinje kommune er det tre verna vassdragsområde: [016/14 Kvenna - NVE](#), [016/5 Klevastølåi - NVE](#) og [016/4 Rusåi - NVE](#). Alle er viktige referansevassdrag grunna «urørthet».



Vernet gjeld for vassdragsbeltet, det vil seie hovudelv, sideelv, større bekkar, sjø, tjern og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av desse. Vernet gjeld også andre delar av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert at har ein betydning for vassdraget sin verneverdi.

Ein bør fastsetje forvaltning etter [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag \(RPR\)](#) i føresegner til planen, og/eller vise verneområda som omsynssone. Beskriv og vurder verneverdiane konkret, også behovet for differensiert forvaltning av vassdraget. Viktige vurderingskriterium kan vere om nye bygge- og anleggstiltak delar opp samanhengande urørte område i 100-meters beltet, og i betydeleg grad vil svekke verneformål og forringe miljøverdiar i vassdraget.

For meir informasjon sjå [vassressurslova Kapittel 5](#) om verna vassdrag, og [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag](#). For nokon av dei verna vassdraga er det utarbeidd planar 2 for differensiert forvaltning.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen på høyring. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

VINJE KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK